Saksliste

Samarbeidsutvalsmøte Solsida haust 2026

Møtedato	29.09.2025 kl. 17:00-19:00	**Møtestad**	Solsida Toene, Kyrkjevegen 20

Representerer	**Representantar**	**Vara**
Foreldre Toene	**Stine Solvik**	Marianne Fuglestrand
Foreldre Toene	~~Gunhild Sandal~~	**Anton Triastcin**
Personal Toene	**Mona Elin Kleiva**	Britt Kleivan Urnes
Personal Toene	**Magdalena Ewa Januszkiewicz**	Ida Petrin Heggheim
Eigar	~~Silja Juklestad~~	
Sakshandsamar og referent	**Elin Siv Hagen**	

Sak	Sakstittel
1	Presentasjon av Samarbeidsutvalet (SU) og SU sine oppgåver Val av leiar i SU.
2	Gjennomgang av referat frå sist møte
3	Orientering om økonomi, sjukefråvær, permisjonar og opptak.
4	Orientering om symjeopplæring/tilvenning til vatn. Solsida har booka terapibassenget 6 gonger i løpet av barnehageåret for å gje skulestartarane eit tilbod. Vi får ikkje lenger støtte til dette, og må ta det av eige budsjett. Prisen er 900 kr pr gang, inkludert badevakt.
5	Oppgåvene til Samarbeidsutvalet knytt til sommarfest, 17.mai og dugnad
6	Betaling av eventuelle mat- og mjølkepengar blir fastsett av samarbeidsutvalet i kvar enkelt barnehage, og ein tek omsyn til lokale tilhøve. Mat- og mjølkepengane skal dekke kostpris. **Vedtak: Solsida barnehage held fram med 410 kr pr mnd i matpengar. Vil stige til 450 kr i januar. Barnehagen serverer frukost, lunsj og fruktmåltid.**
7	Pedagogisk måltid. **Vedtak: Vi held fram med same ordning som før**.

8	Trafikksikker kommune er en gratis nasjonal godkjenningsordning i samarbeid mellom Trygg Trafikk og fylkeskommunane. Krav til barnehagen: • Skriftlege rutinar for turar, til fots, med sykkel, bil eller buss • Rutinane skal gjerast kjent for alle tilsette, barn og føresette
9	Satsingsområde dei neste to åra: Det regulerte barnet - korleis møter vi urolege barn i oppvekstsektoren
10	Kvalitet og kapasitet – barnehagestruktur Eigarrepresentant ynskjer tilbakemelding på SU sine tankar om to store barnehagar, samt prosessen knytt til nedlegging og midlertidig opning av barnehage på Haugum. Oppsummert: • Samarbeidsutvalet meinar at Førde må ta vare på småbykvalitetane. Gangavstand til barnehage og sleppe å brukt tid i trafikk. • Samarbeidsutvalet er imot store barnehagar. • Samarbeidsutvalet ynskjer å halde på maks 18 plassar pr avdeling. (Ikkje auke til 24). • Prosessen rundt nedlegging og midlertidig reopning av Haugum barnehage har ført til mindre tillit til kommuneleiinga. Det verka som ting skjer for fort, og at ein ikkje har heilt kontroll. Når ein såg at ein måtte drive vidare på Haugum, burde dei som hadde gått der før fått tilbod om å halde fram der. Det ville synt at kommuneleiinga var villig til å innrømme at det var gjort ein tabbe, og at dei var villige til å reparere så godt som mogleg.